

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 31.01.2007  
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar pr 31.01.07**

**Styresak 003/07 O**

**Styremøte 14.02. 2007**

**Administrerende direktør si orientering pkt 18**

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|---------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 09.10.06      | NOU 2006: 19 Akademisk frihet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Høyringsfrist 05.02.07                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 10.10.06      | Offentlig høring om helsetjenester i EU                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | <p>Europakommisjonen har lagt ut ei meddeling om helsetenester i EU. Formålet med høringa er mellom anna å kartleggje korleis rettsleg forutsigbarhet ved grenseoverskridande helsetenester kan sikrast, og å finne egna tiltak for å styrke samarbeidet mellom medlemslanda sine helsetenester. Det er HOD som primært er høringsinstans, og dei regionale helseføretaka er bedt om å kome med eventuelle innspel innan 30.11.06.</p> <p>Helse Sør RHF har utarbeidd felles høyringsuttale på vegne av dei regionale helseføretaka som blei sendt 05.12.06.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 07.11.06      | <p>Ambulanseflytenesta i Noreg – høyring om framtidig struktur.</p> <p>Helseføretaka sin nasjonale luftambulanseteneste er eid av dei fem regionale helseføretaka og har på vegne av desse ansvaret for den operative del av luftambulansetenesta i Noreg. Det er starta opp ein innkjøpsprosess for ambulanseflytenester med verknad frå sommaren 2009. I samband med dette er det gjort ein vurdering av heile tenesta, og Luftambulansetenesta har lagt fram eit forslag til overordna struktur.</p> <p>Utgreiinga og strukturforslaget "Ambulanseflytjenesten fra sommeren 2009" er lagt ut på høyring. Høyringsfrist 09.01.07.</p> | <p>Uttale sendt 10.01.07. I uttala er det peikt på at det er eit underforbruk av ambulanseflytenesta i Helse Vest. Det er peikt på at det eksisterer eit potensielt behov, sjølv om det er vanskelig å talfeste dette. Helse Vest legg til grunn at flytenesta ikkje blir brukt sjølv når den burde være aktuell for overflyttingar. Det er vist til at det i Helse Vest blir nytta LA-helikopter eller bilambulanse til overflyttingsoppdrag. Det blir i denne samanheng hevda frå fagmiljøet at når ein prøver å bruke fly, er der ofte ikkje ledig kapasitet. Helse Vest peiker derfor på at opsjonen med dagtidsfly i Ålesund er viktig, og at det blir viktig å nøye registrere behovet og så tidleg som mogleg eventuelt utløyse opsjonen.</p> <p>Helse Vest uttaler vidare at ein ser det som positivt at høyringsrapporten understrekar betydinga av ambulanseflytenesta som ein</p> |

|          |                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|          |                                                                                                                                                                       | <p>del av den akuttmedisinske behandlingsskjeda, og at det stilles krav til beredskap og aktiveringstid.</p> <p>Ein viser og til at det i tilbakemeldinga Helse Vest har fått frå fagmiljøet blir stilt spørsmål om Ålesundsbasen er i stand til å auke sin aktivitet i den akuttmedisinske behandlingsskjeda i Helse Vest slik det blir lagt opp til i utgreiinga.</p> <p>Helse Vest uttaler på denne bakgrunn at kapasiteten og dimensjonering av tenesta må bli vidareført på minst same nivå som i dag, og at det bør liggje klare opsjonar i avtalen som sikrar vidare oppgradering etter behov.</p> |
| 07.11.06 | Forslag til lov om bruk av levande biologisk materiale frå dyr ved medisinsk behandling av menneske.                                                                  | <p>Høyringsfrist 23.01.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 22.11.06.</p> <p>Forslag til uttale blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF i styremøte 14.02.07.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 14.11.06 | Forslag til revidering av rammeplan og forskrift for sjukepleiarutdanning.                                                                                            | <p>Høyringsfrist 22.12.06.</p> <p>Uttale ikkje gitt.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 01.12.06 | Sosial- og helsedirektoratet har sendt ut forslag til heilskapleg plan for ein styrka demensomsorg.                                                                   | <p>Høyringsfrist 29.01.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 08.12.06.</p> <p>Vi har motteke tilbakemelding frå Helse Fonna og Helse Stavanger. Desse er vidaresendt direktoratet ved brev av 28.01.07.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| 06.12.06 | Forlenging av sprøyteromslova si virketid med 2 år.                                                                                                                   | Høyringsfrist 02.02.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 07.12.06 | Høyring om revisjon av blåreseptordninga – forslag til ny blåreseptforskrift og endringar i legemiddelforskrifta.                                                     | Høyringsfrist 16.03.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 08.12.06.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| 15.12.06 | Retningslinjer for oppfølging av born som er for tidleg født.                                                                                                         | Høyringsfrist 30.03.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 05.01.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| 20.12.06 | Høyring av forslag til endring av produktforskrifta § 2-6 Kvikksølv og kvikksølvforbindingar. Forslaget inneberer eit generelt forbod mot kvikksølv med nokre unntak. | Høyringsfrist 20.03.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 21.12.06 | Høyring om endring i bidragsordninga (folketrygdlova § 5-22) og blåreseptordninga.                                                                                    | Høyringsfrist 21.03.07. Saka sendt helseføretaka for innspel 05.01.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 12.01.07 | Høyring om forskrift for oppnemning av og saksbehandling i alle komitear og utval som blir oppnemnd i medhald av forskningsetikklova.                                 | Høyringsfrist 13.04.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 17.01.07 | Oppfølging av NOU 2005: 19 Lov om bruk av DNA-register i strafferettspleia. Organisering og finansiering.                                                             | Høyringsfrist 06.03.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |

